



KULTURDEPARTEMENTET  
Postboks 8030 DEP  
0030 OSLO

Dato: 01.11.2017  
Vår ref.: 2017/130-18  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen  
Dykkar ref.: Ole Fredriksen

## Utfordringar med kunstgras

Hordaland fylkeskommune har sett fokus på utfordringar kommunar og idrettslag har med bruk av ulike typar fyllmateriale i kunstgrasbaner. Det har i første rekke vore spørsmål om mikroplast og eventuell utslépp av dette i natur, vatn og vassdrag, og mogleg fare for helse og miljø. Behovet for klåre tilrådingar og retningslinjer for kunstgrasbaner og fyllmateriale er stort og vi ber om at Kulturdepartementet snarleg utarbeider dette i samarbeid med Klima- og miljødepartementet og Norges Fotballforbund. I tillegg er det viktig å fremje ny kompetanse gjennom å leggje til rette for auka FoU knytt til problemstillinga.

Kunstgrasbaner har stor tyding for barn og ungdom sine høve for deltaking i organisert og eigenorganisert aktivitet. Desse anlegga legg til rette for at både den organiserte idretten og eigenorganisert aktivitet har tilgjengelege anlegg som gir høve for stor aktivitet. Helse- og miljøaspektet må ivaretaast og samstundes oppretthalde gode nok speleegenskapar.

Fleire nasjonale og internasjonale rapportar har sett fokus på eventuelle skadeverknadar av dei ulike fyllmateriala. Rapportane har i stor grad konkludert med at bruk av desse anlegga utgjør ein minimal helsefare for menneske. Ein veit mindre om kva for miljømessige skadeverknadar avrenning frå banene kan ha, spesielt for levande organismar i vatn. Dei ulike rapportane blir i mange tilfelle tolka og brukt ulikt, avhengig av interesser.

Norges Fotballforbund har teke tak i problemstillinga og viser til desse rapportane i sine tilrådingar til eigarar og drivarar av kunstgrasbaner. Dei er tydeleg på sine tilrådingar med tanke på kva for fyllmateriale som skal gje best høveleg speleforhold for brukarane av banene og kva ein kan gjere for å hindre spreieing av granulat.

Fleire kommunar er gjort vedtak om restriksjonar eller forbod mot enkelte typar fyllmateriale, fortrinnsvis SBR granulat som vert produsert av oppmalte bildekk. Fleire av desse vedtaka kan vere basert på slutningar og ulik tolking av dei ulike rapportane. Såleis er eksisterande faktagrunnlag kanskje ikkje tydeleg og godt nok til å gjere gode og riktige vedtak om denne type anlegg.

Fylkeskommunane Buskerud, Vestfold, Østfold og Akershus deltek i interregprosjektet «Ren Kystlinje». I den samanheng har det vore gjort ei kartlegging av kunstgrasbaner i dei ulike fylka. Undersøkinga er gjennomarbeida av Senter for Idrettsanlegg og teknologi (SIAT)/ NTNU. Ein av konklusjonane på arbeidet er at det er store variasjonar om kunnskap på drift, etterfylling av granulat, vedlikehald og handtering av granulatet. Det er eit behov for auka kunnskap på dette feltet. Det vert også etterlyst meir klåre retningslinjer og eit meir tydeleg krav til eigar av anlegga om at desse vert følgd. Undersøkinga viser også at det er venta eit stort tal rehabiliteringar av eksisterande baner dei komande åra. Det vil truleg gje utslag på tildeling av spelemidlar til og i fylka. Det er fleire som i den seinare tid har stilt spørsmål om bruk av spelemidlar til anlegg der det er stor usikkerheit om moglege miljømessige konsekvensar.

Andre fylkeskommunar har også arbeidd med problemstillinga i det siste. Til dømes har Telemark fylkeskommune eit vedtak som seier at «Fylkeskommunen skal ta en aktiv rolle og sette fokus på miljøutfordringer ved idrettsanlegg, for eksempel miljøgifter knyttet til kunstgrasbaner».

På bakgrunn av dei nemnde punkt er det eit behov for klårare retningslinjer om kunstgrasbaner. I tillegg er det avgjerande å få kommunisert desse til eigarane av anlegga og gjere dei meir forplikta. Dette vil gjelde både investering, drift, vedlikehald og rehabilitering av eksisterande anlegg. Hordaland fylkeskommune oppmodar Kulturdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Norges Fotballforbund om så snart som mogleg utarbeide klare tilrådingar og retningslinjer for bygging, rehabilitering og drift av alle typar kunstgrasbaner.

I føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er det ingen spesifikke krav til bygging, drift og rehabilitering, utan det idrettsfunksjonelle, for å kunne tildele spelemidlar til nyetablering eller rehabilitering av kunstgrasbaner. Kulturdepartementet vert oppmoda til å innføre miljøkrav til nyetablering og rehabilitering av kunstgrasbaner ved revidering av føresegnene. Desse krava bør bli utforma på ein slik måte at det vil vere mogleg for eigar av anlegget å handheve.

Aktuelle problemstillingar i denne samanheng:

- Bør det bli innført avgrensing i høve for å få spelemidlar til kunstgrasbaner med bestemte typar fyllmateriale?
- Bør det vere krav til snødeponi for å få spelemidlar til nyetablering / rehabilitering av baner med vinterdrift?
- Bør det vere krav til dokumentasjon på innlevering av gamle kunstgrasbaner til godkjente mottak ved rehabilitering av anlegga?
- Bør det vere strengare og meir forpliktande krav til rutinar for drift og vedlikehald for å kunne få spelemidlar til rehabilitering av baner?
- Kan det vere krav til system for oppsamling av granulat som forsvinner gjennom den daglege bruken?
- Bør det vere sertifisering av personell for drift for denne typen anlegg?
- Bør det vere krav til utstyr for drift på anlegga?
- Kan det i større grad enn i dag vere ulike krav til speleeeigenskapar for baner for toppfotball og anlegg som først og fremst vert nytta til barne- og ungdomsfotball?
- Korleis vert erfaringar frå baner som vert bygd utan eller med alternativt fyllmateriale inkludert i det vidare utviklingsarbeidet for å fremje alternativ for bredde / barne- og ungdomsfotballen?

Klima- og miljødepartementet har sett i gang eit arbeid med kartlegging av kunstgras og eventuell skadeverknad av dei ulike fyllmateriala. Det er viktig å få fram ny kunnskap om materiale som ikkje medfører miljøproblem og som kan produseras berekraftig. Hordaland fylkeskommune ber om at arbeidet vert gitt høy prioritet slik at det kan fungere som god fagleg støtte til tilrådingane frå Kulturdepartementet og Noregs Fotballforbund. Gjennom arbeidet SIAT / NTNU har gjort med gjennomarbeiding av rapport frå dei nemnde fylka er det avdekka eit behov for vidare forskning på området. Dette arbeidet kan vere eit viktig bidrag til auka kunnskap om feltet.

Det er eit stort behov for riktig kunnskap med gode faglege tilrådingar innan fagfeltet som grunnlag for ulike vedtak både i offentleg og frivillig sektor. Retningslinjer bør baseras på, og vere i tråd med, internasjonale erfaringar og retningslinjer som er innført eller er i ferd med å innførast i EU.

Samanfatta ønskjer Hordaland fylkeskommune

- at det vert tilrettelagt for meir forskning- og utviklingsarbeid på fagområdet.
- at det vert utarbeida klare krav og tilrådingar til etablering, rehabilitering og drift av kunstgrasbaner.

- ein kritisk gjennomgang av krav til kunstgrasbaner i «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» ved neste revisjon.
- eit godt og konstruktivt samarbeid mellom aktuelle departement og Norges Fotballforbund.
- at Kulturdepartementet kan ta initiativ til å opprette ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunar, fylkeskommunar, departement og Norges Fotballforbund og relevante universitet og høgskular.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør for kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*